



Hans Gustav Musland held fram som båtlagsleiar

**Årsmøtet i Uskedal Båtlag ikveld var prega av ein positiv stemning, og det har ikkje alltid vore tilfelle i dette laget. Det er no Hans Gustav Mussland som leiar det, og han var ikkje på val. Med seg i styret har han Trond Myklebust, Gunnar Leite, Jan Henrik Hansen, Jostein Hauso og Anja Strüter - den siste vald som ein ekstra person, Kven som vert hamnevert dette året er ikkje vedteke, men det er ikkje utelukka at laget satsar på ein turnus mellom styremedlemmene.**

Ein hovudpost i møtet var orientering ved Terje Stensletten om KNB og godene som dei 40 000 medlemmene har. Båtlaget her hadde 620 gjestedøgn i fjoråret.

**Dette er nokre av arbeidsoppgavene som vart løyst i fjor:**

- Hamna er merka frå 1 til 110
- Nina var på besøk, og halvparten vart dekkja av forsikringa
- Dugnaden var vellukka, og det kjem ein ny til våren
- Partyteltet er ein stor suksess og vil trekkje turistar
- Den nye flytebyggja er ferdig. Laget fekk 60 000 i momsrefusjon
- Det er omsett 2 båt plassar.
- Styret har løyst inn ein plass
- Parkeringsplassen er utvida, men held på å siga ut.
- Det er kjøpt nye lys til hamna

- Vasslekkasje førte til renovering av vaskerommet.

**DETTE ER NOKRE AV BESLUTNINGANE SOM ER TEKNE NO:**

- \* Parkeringsplassen oppgraderast, og det monterast vegg mot hamna for å stoppa utsigning
- \* Dei pålagde dugnadstimane for 600 kroner vert lagd inn i medlemsavgifta
- \* Planleggjing av oppgradering av treverk på molo og landside
- \* Kjøp av nye straumsøylar der det ligg båtar med vinterstraum
- \* Utleigeprien vert 4000 for sommar og 2500 for vinter
- \* Slippavgift vert 500 for medlemmer og 2000 for ikkjemedlemmer

TEKST, FOTO OG NETT: OLA MATTI MATHISEN